

Om veret kjem i betre lune, skulle alt no vera klappa og klart for ein vellukka julemarknad komande fredag. Det var Aktivitetshusets Damevenner som tok initiativet til dette arrangementet som vart arrangert for første gang i fjor. Dette vart ein stor suksess som arrangørane hausta mykje velfortent vellæte for.

Sjølv om Damevennene er initiativstakar og hovudarrangør, er det mange andre bidragsytarar: Uskedalen oppvekstsenter, dei to musikkлага, Uskedal Utvikling, ungdomslaget, "ansvarsgruppa for tenning av julegrana", utstillarar og einskildpersonar gjev alle positive bidrag til det flotte arrangementet.

På salsmessa vil ein finna eit variert og spennande utval. Her er det både god julemat, flott julepynt og flust med aktuelle julegåver å finna for å nemna noko. Så mykje spennande at det ville vore feil av oss å trekkja fram einskilde utstillarar her.

Barna ved oppvekstsenteret har eigen avdeling på messa. Dei har laga mykje fint dei vil selja, og alle inntektene av dette vil gå til uteområdet på oppvekstsenteret.

For å stetta magen sine behov, er det lagt opp til servering både i Gamleskulen og i Helgheimskjellaren. I Gamleskulen vert det råd å få kjøpt kaffi, brus og kaker, medan det er graut som står på menyen i Helgheim. I Helgheim vert det og fotografering og forteljestund. Ivar Langeland fotograferer, og Eva Haugland bidrar med levande forteljekunst.

Vi tar med tidsplanen for arrangementet:

- Kl.16.30: Julemessa startar salet.
- Kl.17.00: Offisiell tenning av julegrana. Musikkлага spelar.
- Kl.18.00: Forteljestund i Helgheim v/Eva Haugland.
- Kl.19.00: Trekking av førjulslotteriet til skulemusikken. Messesalet sluttar.

Julemarknaden er eit flott tiltak som har samla mange krefter i bygda om eit felles arrangement. Det er å håpa at dei viktige vergudane også sluttar opp om tiltaket, og at arrangørane får den oppslutnaden dei fortener!

Av Thor Inge Døssland